



# Nissedal kommune

## Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/1112-2	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	19.09.2019

### Referat frå møte i SMU - 16.09.19

Desse møtte: Elevrepresentantar: Christopher Løyte og Hannah E. Grimstveit  
FAU-representantar: Signe Marie Svalestog og Katrin Mei Houthuizen  
Politisk representant: Bjarne Reime  
For kommunen: Rektor Reidun C. Retterholt  
Lærarrepresentantar: Gunnhild B. Rieber-Mohn og Bjørn Leirvik  
Representant for andre tilsette, Kate I. Bergland, hadde meldt forfall  
Rektor ynskte velkomen og leia møtet.

### SAKLISTE:

- **Konstituering**  
Leiar: Politisk representant Bjarne Reime  
Nestleiar: FAU-leiar Signe Marie Svalestog  
Referent: Bjørn Leirvik
- **Rektor informerer om SMU og deler ut rettleiar til nye medlemmar**  
Reidun orienterte om samansetninga av både SMU og SU, og oppgåvefordelinga mellom utvala. Rettleiar vart delt ut i pausen.
- **Skulemiljøet-status**  
Reidun viste til «Elevundersøkelsen» sist år. Elevane svarte at dei treivst på skulen. Ho innrømmer samtidig at det alltid vil vere nokre utfordrande saker. I haust blir det ei ny undersøking, «Spekter», 3.-10. trinn. Der får elevane vere meir konkrete i svara sine. På den måten er det også lettare for skulen å arbeide vidare med svara.  
«Elevundersøkelsen» kjem i tillegg.  
§ 9A blir stadig løfta fram i personalet, paragrafen strekar under alle elevar sin rett til å ha eit godt psykososialt miljø.
- **Møteplan**  
Møta er foreløpig lagt til desse datoane: 16.09 (i dag), 18.11, 16.03.20 og 18.05.20.
- **Utdeling av årshjul**  
Årshjul vart delt ut i møtet
- **Gjennomgang av plan og rutinar for arbeid med elevane sin rett rett til eit godt psykososialt arbeidsmiljø**  
Skjema «Aktivitetsplan: Plan for å løyse elevsaker etter Opplæringslovas § 9a-4 Aktivitetsplikt v/Tveit skule/Nissedal ungdomsskule» vart delt ut.  
skjemaet synleggjer godt korleis skulen arbeider med einskildsaker. Innan des. 2020 skal ein ny plan vere utarbeidd. Reidun stadfesta på konkret spørsmål at foreldra møter saman med elevane når konkrete saker oppstår.

- **Informasjon om arbeidet med ny plan for heim-skulesamarbeid. Plan for brukarmedverknad utgår.**

Rektor informerte om ny plan for heim-skulesamarbeidet. FAU har vald 3 representantar til ei styringsgruppe; Camilla Marie Tveit, Roy Åge Homme og Aud Synnøve Skårdal. Til denne gruppa møter frå skulen: Julia, Linda og Reidun. Utvalet vil ha innspel m.a. frå klasseforeldremøta, og vil lage ein plan denne hausten.

- **Korleis vil SMU arbeide med skulemiljøet?**

Her bruka vi tid på tematur i ungdomsskulen. FAU-representantane viste til døme på elevar som har fått auka trivnad etter nyleg avslutta tur. Tidleg haust i 10. klasse har synt seg å vere eit godt tidspunkt for tur, utvalet var samstemde i at det ikkje bør vere seinare, i løpet av 9. klasse vart derimot lufta som eit aktuelt tidspunkt. Representantane frå FAU spurde om det ikkje var naturleg at kommunen kunne bidra meir økonomisk, 1000 kr pr. elev sist år. Vidare ynskte dei ordninga med at lærar(ar) deltek innført på nytt. Fleire i utvalet uttrykte støtte til dette. Rektor viste til at denne ordninga fall bort da nye og dyrare avtaler om økonomisk kompensasjon kom. SMU-utvalet ville gjerne at dei ulike representantane skulle lufter desse spørsmåla i dei gruppene dei representerer.

- **Ordensreglementet**

Reglementet vart delt ut til orientering.

Lærarrepresentant etterlyste revidering av punkt 4.18, meldingsbok/fronter...

Foreldrerepresentant etterlyste fleire sykkelstativ og viste til punkt 4.20. (Sjå budsjettsaken til SU). Politisk repr. meinte at mobilhotell er bra, men spurde om oppfølging av eit tilfelle av hærverk på mobilhotell. Rektor poengterte at skulen ikkje tok lett på saka, og at det hadde skjedd berre ein gong. Elevrepresentant repliserte at mobilhotell er betre enn at lærarar må samle inn og gå rundt med mobilane, og at det hadde vist seg at dei kunne falle i golvet.

Til punkt 4.15 minte ein foreldrerepr. om at foreldra i 10. klasse på komande foreldremøte skal avgjere om deira born får gå til sentrum dei to dagane det ikkje er kantinesal i matfri. Reidun minna oss alle på at vi her snakka om elevar som berre er månader unna å flytte ut, med det ansvaret det inneber. Elevrepresentant minna om at allereie i dag har elevar som verkeleg vil mange sjansar til å omgå reglementet på dette punktet, når dei i ulike samanhengar både om morgonen og elles passerer butikkane i deira opningstid.

Rektor peika på at utvalet ville få høve til å kome tilbake til saka snart.

- **Budsjettsaker:**

-FAU-repr. etterspurde fleire sykkelstativ, og viste til ordensreglement der det står i § 4. 19 at sykklar skal parkerast på tilvist plass.

-FAU-representantane ynskte ordninga der lærar(ar) er med på tema-turen i ungdomsskulen tilbake.

-Lærarrepresentant etterspurde reparasjon av /innkjøp av nytt utstyr til uteleiken på småskulen. Klatrestativ og huske er i dårleg forfatning.

-Det vart reist fleire spørsmål til miljøarbeidarressursen. Ein nyttilsett miljøarbeidar slutta etter kort tid, kva skjer med stillingsheimelen no? Er det skule- eller helseavd. som har økonomisk ansvar?

Rektor gjekk gjennom nokre av alle arbeidsoppgåvene til miljøterapeuten vi faktisk har, Runa, og at det er vanskeleg å få nok tid til det førebyggjande arbeidet. FAU-repr. oppmoda til å take med denne stillingsheimelen i budsjettet, ev. auke den om tidlegare heimel er trekt inn.

-Reidun minte om at FAU kan søkje om midlar til uteområdet hos private sponsorar som «Gjensidige-stiftelsen», bankar m.fl.

Andre har også arrangert basarar med stor suksess, fleire plussfaktorar enn berre dei økonomiske...

Av tidlegare saker:

- Reidun viste til at rehabilitering av ballbingen tidlegast kan starte i 2020. Kulturavd. står for søknad om spelemidlar, første moglege tildelingsår er 2020.
- Utbetring av paviljongen. Det finst ikkje kommunale ressursar til å starte opp inneverande år.
- MOT-programmet for ungdomsskulen startar opp denne hausten. Carina, Runa og Reidun skal kursast denne hausten.

Møtet heva kl. 17.50.

Referent Bjørn Leirvik

Med helsing

Reidun Carol Retterholt  
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*